

Bok på 1-2-3



Bjørkebokstavar

Av Hilde Myklebust

Illustrert av Tone Lileng

Tverrfagleg opplegg for 1.–4. trinn i faga norsk, naturfag og KRLE

Tid: 90 minutt

Utstyr og førebuing

- Skriv ut bjørkebokstavbingo-spørsmåla og heng dei opp eller gøym dei på skuleområdet før økta byrjar. Hugs tråd til oppheng, og gjerne plastlommer.
- Skriv ut bjørkebokstavbingo-brettet.
- Skriv ut diplom.
- Skriv ut diktet «Hengebjørk».
- Skriv ut dei andre dikta dersom du vil lese dei også ute.

Lesinga kan skje inne eller ute, alt etter kva som passar.

- **Lese dikta inne:** Kople opp pc med tilgang til internett og prosjektør. Søkje fram boka *Bjørkebokstavar*. Gjere boka klar for skjermvising i klasserommet.
- **Lese dikta ute:** Ta med boka ut eller skriv ut dikta.

Til å skrive ut:

- Framsida på boka
- Bjørkebokstavar, s. 7
- Fnugg, s. 16
- Blankt auge, s. 18
- Usynleg, s. 33
- Forvandling, s. 34
- Hengebjørk, s. 22

Formål

Norsk

- Lytte til tekstar på bokmål og nynorsk og samtale om dei
- Setje ord på eigne følelsar og meiningar
- Samtale om songar, regler, dikt, forteljingar og eventyr (...)

Naturfag

- Stille spørsmål, samtale og filosofere rundt natur-opplevingar og mennesket sin plass i naturen
- Bruke sansane til å utforske verda i det nære miljøet

KRLE

- (...) allsidig danning og gje grunnlag for undring og refleksjon
- Utforsking av eksistensielle spørsmål og svar

1 Før lesing


(5 minutt)

Samtale om framsida på boka *Bjørkebokstavar*.

Kan vi sjå nokre ting på framsida som gir hint til kva vi får høyre noko om?

- Bjørk – grøn bjørk, kanskje er det våren eller sommaren? Kva er kjenneteiknet på ei bjørk: Kvit og svart stamme. Har vi ei bjørk på skuleområdet?
- Røter frå bjørka, med små bilete i rotenden – rumpe-troll, snøkrystall, hundebein, eple og ein makk som gøymmer seg under eit blad.
- Hund – han snuser på bakken. Kan det handle om hunden, eller om det han finn?
- Ein liten person på toppen av haugen i bakgrunnen – Kven trur du det er?
- Kvit bakke, grøn bjørk – kanskje det er ulike årstider med i boka, og at boka handlar om naturen?

Denne boka har mange små forteljingar, og vi kan lese frå start til slutt, eller vi kan lese dei ei og ei i den rekkjefølga vi vil.



2 Lesing

(15 minutt)

Les dikta høgt for elevane. Les sakte og med dei pausane som dikta legg opp til.

Invitere til innspel etter kvart dikt ved å spørje kva diktet handlar om og om elevane har opplevd noko liknande.

Dikt å lese

Bjørkebokstavar, s. 7

Fnugg, s. 16

Blankt auge, s. 18

Forvandling, s. 34

Usynleg, s. 33

Kva er det dikta gjer med oss? Dikt er små forteljingar med få ord, som likevel fortel mykje. Det gjer at vi hugsar ting vi har opplevd sjølve.



3 Bjørkebokstavbingo

(45 minutt)

Del elevane inn i grupper på 2–4 stk. og gje kvar gruppe eit bjørkebokstavbingo-brett. Sei heilt i starten at dette er ein natursti der det handlar om å få fullt brett, ikkje tre på rad.

Kvar post har ei oppgåve elevane må løyse. Dei kjem tilbake til læraren etter kvar post og leverer svaret, får kryss eller stempel på bingo Brettet og går så vidare til neste post. (Læraren må sjølv ha med diktet «Hengebjørk», som han eller ho skal lese når elevane kjem att frå post nr. 6.)

Postar

- Bjørkebokstavar:** Visste du at ein kan koke dei første små bjørkelauva og lage brus av det? Det smakar søtt og friskt. Ta med eit bjørkelauv tilbake til læraren, så får gruppa eit kryss på spelebrettet.
- Fnugg:** Visste du at løvetannplanten har mange namn på norsk? Gullbust, nattsvæve, kappelaup og solvendar er nokre av dei. Ta med ein løvetann eller ein annan blomster til læraren, så får gruppa eit kryss på spelebrettet.
- Blankt auge:** Visste du at rumpetrollet pustar med gjeller og alltid må vere vått? Kva dyr vert rumpetrollet til når det har gått nokre veker? Ta med svaret tilbake til læraren og få eit kryss på spelebrettet.
- Forvandling:** Visste du at det i Noreg finst over 2000 ulike artar av sommarfuglar? På arket ser du også ein fugl (det er eit bilete av ei ugle på arket til post 4). Veit du kva slag fugl det er, og kva denne fuglen likar å ete? Ta med svaret til læraren og få eit kryss på spelebrettet.
- Usynleg:** Har du nokon gong klatra i eit tre og gøymt deg for nokon nede på bakken? Fortel om det til dei andre i gruppa. Viss ingen i gruppa har gjort dette, må de hinke ti hink på kvart bein før de får halde fram. Ta med kodeordet «klatremaks» til læraren og få eit kryss på spelebrettet.
- Framsida:** I Noreg har vi tre artar bjørk: hengebjørk, vanleg bjørk og dvergbjørk. Ta med kodeordet «hengebjørk» til læraren, så les han eller ho diktet «Hengebjørk» for gruppa og set eit kryss på spelebrettet.



4 Etterarbeid

(norsk, naturfag og KRLE)

Dersom etterarbeidet blir gjennomført inne, kan det vere greitt å leite fram boka igjen, så ein kan lese dikta om att og kan lese fleire etter samtaleøkta under.

Samtale om innhaldet i dikta. Læraren kan godt bruke desse spørsmåla eller samtale vidare på innspel knytt til innhaldet i dikta:

- **Kva kan vi seie at dikta vi har lese i dag, handlar om?**
Naturen, årstidene, dyr og menneske, leiking, klatring
- **Nokre menneske seier at dei kjenner seg nær Gud når dei er ute i naturen. Kva trur du dei meiner med det?**
Dei som trur at Gud har skapt jorda, kallar ofte naturen og alt på jorda for «skaparverket». Då føler dei at dei er nær Gud når dei er nær naturen.
- **Kva årstid er det no, og kva likar du med denne årstida? Kva likar du med dei andre årstidene? Kvifor?**
- **Ein av postane handla om løvetann-planten. Kan elevane nokon av språka under? Kva tyder plantenamnet på det språket? Det er fint om du ikkje avslører tydinga av orda med ein gong, men let elevane undre seg og snakke i lag om kva namna kjem av.**

Visste du at namnet på plantar og blomstrar ofte heng saman med utsjånaden eller særpreget planten har?

Her er nokre døme:

Norsk: *Løvetann* (dei spisse blada kan minne om tennene til løva)

Engelsk: *Dandelion* (kjem frå *dent-de-lion*, fransk for løvetann)

Tysk: *Löwenzahn* (same tyding som på norsk)

Dansk: *Mælkebøtte* (kjem av «mjølka» inni stilken)

Svensk: *Maskros* (kjem av småkrypa som ofte er i blomsteren)

Fleire namn på løvetann:

Polsk: *Mniszek*

Arabisk: *Alhundba'*

Fransk: *Pissenlit* eller *dent-de-lion*

Kan elevane namnet på løvetann på andre språk?



De kan også sjå nærare på desse kjeldene for å finne ut meir som passar til emnet:

Lage mat ute

- Klare sjøl!
<http://www.nynorsk bok.no/2002/01/07/klare-sjol-kokkar-sma-med-kopp-og-skei/>
- Kvardagsmat.no.
Oppskrift på grove pinnebrød og mykje meir.
<https://kvardagsmat.no/?s=pinnebrød>

NRK Super, Villmarksbarna

<https://tv.nrk super.no/serie/villmarksbarna/MSUI26002316/sesong-4/episode-3>

I denne episoden lagar dei bjørkebrus og går på sesongens siste skitur.

Allkunne.no

Digitalt oppslagsverk på nett. Her finn du også faktastoff om mellom anna dyr, fuglar og plantar.

Naturfagsenteret.no.

- Faktaark om norske lauvtre:
<https://www.naturfagsenteret.no/binfil/download2.php?tid=2150016>
- Tips til driving av kvistar i klasserommet på ein allergivennleg måte:
https://www.naturfagsenteret.no/c1405591/forsok/vis.html?tid=662273&within_tid=662260